

EUROPEISK KONFERANSE FOR MISJONSFORSKNING

av

LUDVIG MUNTHE

I

Den «European Consultation on Mission Studies» som fann stad i Selly Oak, Birmingham 16.—19. april 1968, var den første i sitt slag. Den andre vil truleg skipast i 1970 — i Oslo — med Egede-Instituttet som vert. Namnet vil då vera brigda til «European conference on mission studies». Namnebyttet vil slå fast at desse samlingane er komne for å bli.

Ein vil gjerne spørja og undrast: Kven står bak slike møte? Spør ein ikkje, reknar ein gjerne mest umedvete med at dei store verdsorganisasjonane som idag er så dominerande på det internasjonale kyrkjelege plan, må ha fått også dette møtet i stand. Sume har vel kanskje alt, om dei har høyrte om møtet, ergra seg over ein ny freistnad frå Genève på dirigering, på å få styret med dei som står for undervising i misjonsfaget i dei ymse lærdomssete kring i Europa.

Denne gongen var det *ikkje* slik. Me fekk tvert om oppleva det uhøyrde idag at K.V., L.V.F. o. a. verdsvide organisasjonar med sine aktive «byrå» var heilt utanom. Deira funksjonerar var ikkje ein gong kalla inn som foredragshaldarar. Berre nokre få var inviterte som observatørar!

Denne gongen var det derimot 3—4 av «veteranane» innan den misjonsvitenskaplige forskning som hadde teke initiativet. Dei hadde samla omlag 70 av sine koleger til fagleg orientering og til drøfting av misjonsfagets plass både i misjonærutdanning og i teologi og universitetsliv i det heile. Sjølv om konferansen derved fekk meir ein privat karakter, stod det ytre opplegget plent ikkje attende for noko dei store organisasjonane kan få i stand. Veteranane ba inn til eit prikkfritt ytre arrangement som både impo-

nerte og skapte takksemnd hos alle oss som fekk vera med. Dei kunne ikkje berre presentera Selly Oak med sine mange colleges i sin vakraste vådrakt. Dei hadde gjennom direktøren på Selly Oak, dr. Clifford, fått kontakt med kvekarinspirerte industrifolk som hjelpte til økonomisk og gjorde arrangementet mogeleg. Samarbeidet med kyrkja på staden må dertil ha vore det beste frå først av, for møtet vart på mønstergyldig måte teke imot av den anglikanske kyrkja i Birmingham.

Vertskapet hadde ikkje mindre godt førebudd møtet fagleg. Framståande representantar for den katolske misjonsteologi var inviterte og let oss gjennom foredrag og samtalar få orientering om stoda innan faget i den katolske kyrkja. Foredragshaldarar frå protestantiske kyrkjer i USA, ga oss saman med professorar frå ymse europeiske lærdomssete, ikkje berre orientering, men også verdfulle bidrag til diskusjonen omkring eit av hovedtemaene i den misjonsteologiske debatt idag, nemleg «presence-teologien».

Professorane Gensichen i Heidelberg, Webster i Selly Oak, Sundkler i Uppsala og O. G. Myklebust i Oslo hadde i lenger tid arbeidd med tanken om slik å samla sine koleger til fagleg drøfting. Tanken hadde vore framme alt så tidleg som i 1952. Dei hadde drøfta han nærare i Heidelberg i 1965 og i Hamburg i 1967. Det kom fleire gonger fram at møtet ikkje minst hadde professor Myklebust sitt uthaldande arbeid å takka for sin eksistens. Fleire let han skyna at dei var takksame for dette. Den veksande flokk av misjonærar og andre som underviser i dette faget hadde lenge kjend på trong til å samlast, til å møtast og til å drøfta sams faglege problem. Idag hender så mangt så fort innan faget at det er eit heilt arbeid å halda seg orientert.

Interessa for misjonsteologin aukar elles gledeleg. Det faktum at det 14. av Tysklands 16 universitet nå står for tur til å få sin lærestol i misjonsteologi, fortel noko om dette. Innbydarane sin plan hadde denne første gongen vore å få drøfta nett misjonsteologien sin plass og sjanse i universitetsopplegget i Europa. Vidare var tanken å få koordinert ymse granskararbeid og praktiske oppgåver, finna kanalar for informasjon og samarbeid i større mun enn tidlegare. Men sjølv om det kom mangt gledeleg fram,

streka både foredrag og samtalar under at det ennå er langt att før misjonsteologien har fått den plass og vert møtt med den velvilje han fortener. Ei sams protestantisk og katolsk røynsle var — underleg nok — at det synest vera lettare å få i stand samarbeid med og oppnå støtte og hjelp for misjonsteologisk og misjonshistorisk gransking frå folk som arbeider med sosiologi, etnografi, historie og språkvitskap enn frå professorane i teologien! Kravet møtet reiser på dette punkt er at misjonsteologi får sin rette og naturlege plass innan teologien, og at faget vert underlagt ekksamen som dei andre teologiske disiplinane.

Sidan faget omhandlar sentrale deler av Bibelen og den kristne læra, må misjonsteologien dessutan meir generelt verta innarbeidd i det teologiske studium alle stader der folk i det heile les teologi. Misjonsteologiske studier er ikkje berre noko det misjonærande Europa og Amerika treng til klarleggjing av arbeidsmetoder og historiske aspekter. I den grad misjonsteologien omhandlar generelle teologiske spørsmål, siden misjon står side om side med dogmatikk og etikk i N.T., i same grad er dette faget aktuelt også i dei teologiske faktultet på misjonsmarkene, i Østen, i Tokyo, i Djakarta og i Afrika.

Sidan studieoplegget varierer så mykje frå land til land, frå universitet til universitet ville denne konferansen derimot ikkje koma med direktiv for korleis faget skulle integrerast i teologien på dei ymse stader. For dei fleste vil det truleg vera mest naturleg å la misjonsfaget verta ein del av den historiske eller den systematiske disiplin, vel å merka ein sjølvstendig del av desse faga. Professor Glazik, leidaren av den romersk-katolske Münster-skulen tala elles sterkt for dei muligheter som finst for å innarbeida misjonsteologien eller deler av han inn i den praktiske teologien.

II

«Presence-teologien» vart omhandla i tre foredrag. Professor Margull, Walter Freytags elev, som nå har overteke sin læremeisters lærestol i misjonsvitskap i Hamburg, var den eine av

foredragshaldarane som tok for seg dette emnet. Han bygde sitt foredrag, kalla «Presence and proclamation» over eit ferskt døme på japansk kristen «presence» i Saigon under krigen nett nå. Ein japansk prest, Funato, utsending frå Japan Christian Service, gir seg saman med skopussarar i Cholon-kvartalet av denne krigsherja byen, arbeider og lever som dei, deler sorger og redsler, og tek sin del av lidinga som livet i dagens Saigon fører med seg for enkle menneske utan sosiale privilegier. — Funato stod fast og heldt ut. Først under Tet-offensiven nyleg vart tilhøva så vanskelege at den japanske kyrkja bak tiltaket syntest ho laut kalla han heim att.

Funato var «present». Han representerte i dette miljøet det kristne «nærvær». Og spørsmålet reiser seg: Er det slik kyrkja må arbeida idag? Sume vil derimot spørja om dette kan kallast «misjon», om korleis noko slikt står i tilhøve til det å forkynna på klassisk vis.

Reint misjonsmetodisk er ikkje dette dømet så rykande ferskt. Kristne misjonærar har, serleg i muhamedanske strøk og mellom andre religionar som har vore ekstra skeptisk innstilte overfor kristendomen, til dels i lang tid berre vore «til stades» i eit slikt miljø utan å sleppa til med forkynning. Men då har dei heile tida vona på at dørene skulle opna seg så forkynnaren kunne få sleppa til. Spørsmålet er idag om ein ikkje ser på Funato sin «presence» som meir enn ein førebils, førebuande arbeidsmåte, om ikkje «nærver» er vorte sjølve metoden og er kome i staden for forkynning.

Professor Margull meir reiste desse spørsmåla enn han svara på dei. Bak foredrag og innlegg kunne ein elles ana at Margull ved sin «sophisticated» uttryksmåte ville forsvare det vesentlege i all misjon, nemleg forkynninga. Men på andre sida var han tydeleg teken og grepen av dei muligheter for kristent vitnemål via kristen etikk som ein slik metode opna for.

Det spørsmål som nordisk misjon straks vil reisa der den nye problemstilling slik vert teken opp, er kvifor Funato som var prest, som av profesjon var forkynnar og ikkje skopussar, ikkje heller stod fram ope som det han var. Det finst kyrkjer i Saigon.

Kristendomen er ikkje ukjend mellom det vietnamesiske folk. Evangeliet kan forkynnast både frå preikestolar — og frå gatefor-
tau om naudsynt — i dagens Saigon. Kvifor då gøyma seg bak
ein skopuss-boks med kost og krem?

Professor Margull slo fast at Funato ikkje var komen så langt
som til forkynninga ennå. Han var berre «present». Men derved
fekk Margull også streka under at forkynning må vera målet og
sjølve metoden i misjonsarbeid alle stader. Men Funato identifi-
serte seg i det minste som ein kristen. Han ville *noko* med sin
tilstedeværelse. Det låg som ein slags bodskap i desse bokstavane
han måla på boksen: «Funato. Asian Christian Service.» Dessutan
hadde Funato måla på andre sida av boksen ein direkte om enn
heller ålmen bodskap: «Be for fred».

Med dette er ein midt oppe i den misjonsteologiske debatt idag.
Er den dogmatiske monolog sine dagar ende? Er det etiske vitne-
målet og den «humane» dialogmetoden meir i samsvar med både
vår tid og med Bibelens ord enn den gamaldagse «brutale», på-
dyttande forkynning?

III

Reint historisk kan ein finna røttene til presence-teologien,
og til det etiske vitnemålet som idag vert sett slik i høgsetet hos
sume, i arbeidsmåtane til en Kagawa i Japan og hjå dei franske
«arbeidar-prestane» i etterkrigsåra. Går ein lenger attende kan
ein nemna misjonærar som var villige til å la seg ta til fange og
gjerast til trel for å vinna trelane for Gud. I aller nyaste tid er
det den kristne student-rørsla som meiner seg å vera pionerar
for presence-teologien. Pastor Potter, den dynamiske farga ung-
domsleidaren, streka sterkt under dette på møtet.

Strukturskifte i det industrialisterte samfund har elles gjort det
verkeleg naudsynt med ei gjennomtenkjing av dei sosiologiske
sidene ved vårt arbeid. Ein må gjerne meir enn før konsentrera
seg om ymse grupper av samfundet slik Funato gjorde i Saigon.
Men eit ganske anna spørsmål er om tilhøva i vår tid er vorte slik
at gamaldags forkynning er avlegs og ikkje trengst lenger.

Som eit tillegg til den klassiske misjonsforkynning for heidningen kan kristent nærvær i moderne meining vera ei styrking av vårt misjonsarbeid. Heller ikkje i vår tid må nokon veg vera uprøvd for å presentera evangeliet for menneska.

Men det som gjorde ein stor part av misjonsteologane samla i Birmingham heller skeptiske til den moderne presence-teologien var kjensla av at dette nærvær og dette etiske vitnemålet skal vera nøytralt og tagalt, utan dogmatikk, utan forkynning og påverknad. Ein annan av foredragshaldarane, professor McGavran frå Pasadena i California tvika ikkje med å seia at det meste av den moderne presence-teologi grunna seg i uviljen mot den avgjorde, eksklusive Kristus-vitnemålet, den pågåande gamaldagse forkynning for heidningar som måtte omvenda seg og verta kristne. I så fall har ein å gjera med oldtida si vranglære om «logos spermatikos». Denne humanistiske avrunda innstilling til alle framande religionar me idag finn er «mor» til presence-teologien, og den tannlause dialog utan mål og med, er presence-teologien si «tvillingsøster».

På ei vis er det inspirerende når ungdom som beskjedent tvikar med å gå inn i misjonærflokken, som synest ordet «misjonær» er for stort for dei, — likevel dreg ut for å demonstrera den kristne brorskapstanken på tvers av landegrenser og religionar. Meir tvikande vert ein likevel når ein høyrer at desse unge i stor mun heller ikke har frimod til å rekna seg sjølv som personlege kristne. Er det berre ei kjensle av solidaritet, ei kjensle av ansvar for å få presentert godene i den kristne kultur og i den kyrkjelege samanheng dei sjølv er komne ut frå som driv, då kan det reisast sterke tvil om Guds rike er tent med at me går over til den slags måsjon. Både McGavran og ein annan av dei amerikanske foredragshaldarane, dr. Beaver, sa seg leid for dette vage utgangspunktet hjå pastor Potter sine unge «presence-misjonærar».

Her i landet vil me vera samde i denne kritikken. Me vil i stor mun også avvise «presence» sjølv som metode om han skal praktiserast slik. Me er ikkje blinde for at dette er ein tendens nemleg som heng saman med tids-ånda som rår idag og står

i samsvar med den subjektive «opplevings»-filosofi som rår i vår tid. Forkynninga av det objektive, den absolutte og einaste frelsar vil få trongare kår etter kvart.

Det som gledde oss norske som var til stades på Birmingham-møtet var den nøkterne kritikk dei nye ideane vart møtt med, stort sett frå alle. Sjølv om meiningane var skilde også i denne flokken, var det tydeleg at dei ekstreme utartingar som har kome til syne i samband med misjonsdokumentet i Uppsala, ikkje kjem frå misjonsteologane som set i dei ymse lærestolane i misjonvitenskap kring i verda. Både professor Margull og dei andre var først og framst teologar, medan «byråkratane» som har hatt fritt spill i all for lang tid innan misjonsteologien, meir er filosofisk skolerte og -interesserte.

Professor Margull konkluderte i sin presentasjon av problemet med det me alle kan vera samde i: berre den «presence» som i seg sjølv er ei kristen forkynning eller som siktar på å opna for forkynninga av frelsa i Jesus Kristus, er verd å ta alvorleg for oss i misjonssamanhang.

Professor McGavran var ennå meir kritisk, men kunne konkludera på same vis. Han slo fast at «proclaiming Christ» alltid har vore den kristne kyrkja sitt program, også dei siste 100 år gjennom misjonen. Tendensen til utvatning og avsvekkjing av sjølvve hove- engasjementet i misjonen må berre avvisast. Vil ein ikkje noko, siktar ein ikkje bestemt og målmedvete på å vinna menneske for Kristus, er arbeidet ikkje lenger verd å kallast misjon. Mc Gavran kom i den samanhangen med sterk kritikk også over å kalla all kyrkjeleg aktivitet utanom kyrkjehuset for «misjon», for å ta del i «missio Dei».

Me kan med rette setja kritisk lys også på ideane og praksisen bak uttrykket «presence» i misjonsteologien. Kanskje me her står overfor taparane sin freistnad på å overtida seg sjølv og andre om at misjonen ikkje er eit nederlag sjølv om prosenttalet på heidningane idag veks i staden for minkar. Slikt er nemleg ikkje eit tap. Det var ei mistyding å tru at heidningane skulle vinnast for Kristus, skulle rivast ut av sin religion og omplantast til kyrkjer og kristne grupper! Sekulariseringa kan også berre gå sin

gang, seier dei. Det skader ikkje. Dei meir avkristna verda vert di klårare vil Kristus-vitnemålet ved det etiske vitnemålet bore fram av «presence-misjonæren» vera. Då først vil dei sjå og finna Kristus i den religion og den samanhang dei står i.

McGavran nytta mykje av sitt foredrag til å påvisa at «presence» i meininga nøytralt tagalt demonstrasjon av eit ålment gode ikkje finst i Bibelen. Bibelen fortel elles lite også om «respektfull» innstilling til framande religionar. Dette gjeld ikkje berre G.T. men også N.T og Paulus, Athen-talen ireknad. Apostlane hadde vanskeleg for i evangeliets lys å sjå så mange gode sider sjølv i jødedommen.

McGavran konkluderte så med at berre den presence som direkte eller indirekte siktar på å gjera menneska til læresveinar, er ein rett metode og bygger på bibelske idear.

Ei sams meining på denne første europeiske samtale om misjonsstudiene idag var nett nå utover å konsentrera studiet av det bibelske grunnlag for vår misjon. Dette er gledeleg og positivt. Derved vil den filosofiske innverknaden minka, og emne som er teologiske først og framst verta vurdert ut frå sine rette føresetnader.